

Statsforvaltaren I Vestland  
Njøsavegen 2  
6863 Leikanger

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 23/4423 - 23/54240

Saksbehandlar:  
Hanne Marie Evensen  
hanne.marie.evensen@alver.kommune.no

Dato:  
28.06.2023

## Vedtak til klagevurdering - gbnr 127/144 Mongstad

**Tiltak:** Terrenginngrep  
**Byggjestad:** Gbnr: 127/144  
**Tiltakshavar:** Imr 131 As  
**Ansvarleg søker:** H2 Miljø As

Saka gjeld søknad om masseutskifting av myrområde og terrenginngrep der ca. 23 000 m<sup>2</sup> jordmassar skal skiftast ut og erstattast med sprengstein, samt etablering av ny avkørsle og ny internveg.

Saka omfattar søknad om dispensasjon frå regulert byggegrense og regulert avkørsle.

**Det vert gitt følgjande løye:**

**Det vert gjeve dispensasjon frå regulert byggegrense og frå regulert avkørsle for terrenginngrep, etablering av ny avkørsle, samt ny intern veg på følgjande vilkår:**

1. Avkørsla skal etablerast slik at den ikkje leiar vatn inn i primærvegen.
2. Avkørsla skal på dei to første metrane ha eit fall frå primærvegen på 3 %. På dei neste metrane skal avkørsla, i ei avstand på lik lengd til dimensjonerande køyretøy, skal avkøyringsveg maksimalt ha stigning/fall på 3 %. Etter dette kan avkøyringsveg ha ei maksimal stigning på 1:8.
3. Avkørsla skal ha hjørneavrunding utført som ei enkel sirkelkurve med radius R= 9 meter. Avkørsla skal vere etablert vinkelrett på primærveg.
4. Avkørsle frå veg 2 skal etablerast som vist på avkjørselsplan\_102743\_PROvei2-Plan. Siksone skal etablerast som vist på planen. I siktsona skal det ikkje vere sikthindringar som er høgare enn 0,5 meter over primær vegen sitt nivå.
5. Under avkørsla skal det leggjast ned dreneringsrøyr med ei indre diameter på minimum 300 mm. Dreneringsrøyr skal leggjast sånn at overvatn får fritt løp inn og ut av røret. Langs veg 2 skal det vere grøftar som sikrar dreneringa langs vegen.
6. Det skal etablerast snuarealet på eigen grunn slik at ein unngår rygging ut i og inn frå veg 2. Snuarealet skal ikkje nyttast til parkering eller hensetting av anna utstyr.
7. Det skal til ein kvar til være mogleg å for køyretøy å snu inne på eigedomen.

**Vedtaket et hjemlet i plan- og bygningslova § 19-2.**

**Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve løyve i eitt trinn for terrengeinngrep, etablering av ny avkøyrsle og intern veg på eigedom gbnr 127/144. Løyvet vert gjeve på følgjande vilkår:**

1. **Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan journalført motteke 01.06.2023 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.**
2. **Før tiltaket takast i bruk skal det ligge føre mellombels bruksløyve/ferdigattest.**

**Vedtaket er hjemlet i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3.**

**Politisk handsaming**

Eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for Mongstad industriområde, planid: 1263-20062002 er definert som industri.

**Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønsker. Klagen skal grunngjenvæst. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar.

**Regelverk**

- Du kan klage på vedtaket med grunnlag i forvaltningslova (fvl) §§ 28-36.
- Klage på vedtaket må vere nytta fullt ut før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, jf. fvl § 27b.

Med vennleg helsing

Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Hanne Marie Evensen  
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

**Vedlegg:**

Dispensasjon og løyve til terrengeinngrep, etablering av ny avkøyrsle og intern veg - gbnr 127/144  
Mongstad

Uttale søknad om dispensasjon avkøyrsle - gbnr 127/144 Mongstad  
Situasjonsplan, avkjøringsplan  
Tegning eksisterende snitt\_F1 - Redegjørelser - kart  
Avkjørselsplan\_102743\_PROvei2-Plan

**Mottakarar:**

Statsforvaltaren i Vestland  
Vestland Fylkeskommune

Njøsavegen 2  
Postboks 7900

6863  
5020 Leikanger  
Bergen